
Fra: Kristin Moe
Sendt: 10. september 2019 19:59
Til: Postmottak Meland
Emne: SV: Nasjonale prøver - beredskapsplan for gjennomføring

Hei
Ja, det er ordna.
Helsing Kristin

Fra: Postmottak Meland <postmottak@meland.kommune.no>
Sendt: tirsdag 10. september 2019 15:38
Til: Kristin Moe <Kristin.Moe@lindas.kommune.no>
Emne: VS: Nasjonale prøver - beredskapsplan for gjennomføring

Svarer du på denne?

Postmottak

Fra: Fardal, Karstein [<mailto:fmsfkfa@fylkesmannen.no>]
Sendt: tirsdag 10. september 2019 15:07
Til: Askvoll kommune; Aurland kommune; Balestrand kommune; Bremanger kommune; Eidfjord kommune; Etne kommune; Postmottak Fedje; Fjell kommune; Fuska kommune; Førde kommune; Gular kommune; Postmottak Granvin kommune; Postmottak Gulen kommune; Hornindal kommune; Hyllestad kommune; Høyanger kommune; Kvam kommune; Leikanger kommune; Postmottak Lindås; Post Masfjorden kommune; Postmottak Meland; Postmottak Os kommune; Post Osterøy; Postmottak Radøy; Selje kommune; Sogndal kommune; Sund kommune
Kopi: Pedersen, Helge
Emne: SV: Nasjonale prøver - beredskapsplan for gjennomføring

Til skulefagleg ansvarleg i kommunen.

Viser til understående e-post som vart sendt kommunen 28. august der vi bad om kontaktperson for gjennomføring av Nasjonale prøver i kommunen.
Svarfristen var 5. september.

Vi kan ikke sjå at vi har fått namn på ansvarsperson fra dykker kommune, og ber om at vedlagde svarskjema vert fylt ut og returnert til Fylkesmannen så snart som råd.

Med venleg helsing

Karstein Fardal
seniorrådgjevar



Fylkesmannen i Vestland

Telefon: 57 64 31 16
E-post: fmsfkfa@fylkesmannen.no
Web: www.fylkesmannen.no/vl

Til skulefagleg ansvarleg i kommunen

Nasjonale prøver 2019 – beredskap knytt til gjennomføring og avslutning

Gjennomføringsperioden for nasjonale prøver er i haust felles for 5., 8., og 9. trinn. Alle tre trinna skal gjennomføre fra 2. september til 27. september.

Det er ikkje mogeleg å gjennomføre nasjonale prøver før eller etter desse datoane.

Erfaringane frå i fjar syner at mange elevar ikkje fekk gjennomført prøvene. Mange elevar på ungdomssteget fekk ikkje skåra dei opne oppgåvane i lesing. Det synter seg at fleire lærarar

ikkje var klare over fristen og elevane fekk ikkje registrert poeng på desse opne oppgåvane.

Utdanningsdirektoratet har bede Fylkesmannen ha ein beredskapsplan som sikrar at gjennomføringa vert best mogeleg. Det betyr at vil «overvake» skulane si gjennomføring og registrering av prøvene i PAS-prøver. Der vi ser at skular er «bakpå» i gjennomføring og skåring av leseprøver, vil vi ta direkte kontakt med kommunen som då må syte

for at dette vert slutført innan fristen 27. september kl. 23.59. Etter fristen er det ikkje mogeleg å skåre opne oppgåver. Fristen blir ikkje utvida.

Oppgåver som ikkje er skåra innan fristen, blir automatisk sette til 0 poeng.

Vi ber kommunen rapportere inn ansvarsperson som Fylkesmannen kan ta kontakt med i kommunen med tanke på å følgje opp aktuelle skular i kommunen.

**Bruk vedlagde excel-skjema og send det i retur innan 5. september til
karstein.fardal@fylkesmannen.no**

Som eit førebyggjande tiltak, oppmodar vi kommunen å lage ein gjennomføringsplan med fastsette datoar for gjennomføring og ansvarspersonar.

Utdanningsdirektoratet oppmodar skulane til å unngå å nytte siste gjennomføringsveka – veke 39. Berre nytte denne veka til oppsamling for elevar som ikkje kunne gjennomføre på dei aktuelle dagane, og til lærarane sitt arbeid med skåring av opne leseprøveoppgåver på 8. og 9. trinn.

Lukke til med gjennomføringa av dei nasjonale prøvene.

Vedlegg: Skjema med innmelding av kontaktperson for nasjonale prøver i kommunen.